

Styremøte i Hordaland Folkemusikklag måndag 02.05.2022

Til stades på Teams: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell, Ingrid Sørheim og Silje Solberg.

1. Kort gjennomgang av årsmøteprotokollen
 - Styret merkte seg at varamedlemene ikkje er nummererte ved behov for innkalling, og sette Silje Solberg som nr. 1 og Johanne Løkensgard Mjøs som nr. 2.
 - Oppgåvene internt i styret er fordelt som tidlegare.
2. Oppdatering av status i arbeidet med den eventuelle samanslåinga med Sogn og Fjordane Folkemusikklag
 - SFFL vedtok på deira årsmøte å ikkje slå seg saman med HFL.
 - HFL har fått innkalling til budsjett- og rapporteringsmøte frå Vestland fylkeskommune 13. mai kl. 10, der leiaren møter. Me tek kontakt med SFFL etter dette møtet for å utvikla den nye samarbeidsforma mellom laga. Åslaug og Per Øyvind fortset i same roller som før i dette arbeidet.
 - Dette året vil samarbeidet mellom HFL og SFFL stort sett skje gjennom felles prosjekt, som til dømes UngLåt.
3. Handsaming av innkomne søknadar

Det har kome inn tre søknadar om stønad. Desse er:

 - BUL Ervingen søker om kr. 10 000,- til Hordakappleiken 2022. Søknad innvilga.
 - Hardanger spelemannslag søker om kr. 15 000,- til Folkemusikkhelg i Granvin. Søknad innvilga.
 - Alexander Røynstrand søker om kr. 15 000,- til utgjeving av soloplate. Søknad innvilga.

Foreløpig løyvingar i 2022 overstig budsjettet, og styret skal laga ein budsjettrevisjon for utdeling av midlar dette året. Det står att kr. 70 000,- i løyvingar frå 2021 som ikkje er rapportert på. Åslaug minner om rapportering til dei det gjeld.
4. Besøksrunde til medlemslaga

Styret ynskjer å knyta tettare kontakt med medlemslaga, og tar initiativ til besøk. Ingrid tar kontakt for å spørja etter høvelege tidspunkt. Alternativt kan eit digitalt lokallagskaffi vera aktuelt.
5. Økonomirapport

HFL har ca. kr. 208 000,- på konto. I 2021 vart det gjort ein oppryddingsaksjon for å samla opp møtegodtgjersle som ikkje var blitt utbetalt i samsvar med vedtak. Dette har blitt ført på

fjoråret, men utbetalt i år. Jfr. sak 3 utformar styret eit revidert budsjett til neste løyvingsrunde i august.

6. Neste HFL-møte er sett til måndag 20. juni.